

Tre nye hyttetomter på Skorpo

17.03.2008



Den nye hytta til Hjørdis og Willy Holgersen i Uskedalen har i det siste vorte reist på Skorpo. Dette biletet vart teke i november og no er hytta fullført. Jektholmen i bakgrunnen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Skorpo er under stadig utvikling som hytteområde og no melder sivilingeniør Øystein Tufteland til kommunen at han har starta arbeidet med ein privat utbyggingsplan.

Planområdet utgjer 9,7 dekar og Kåre Hauge står bak planen.

.I denne vil området bli foreslått regulert til tre hyttetomter med tilhørande trafikkområde og friluftsområde, i samsvar med gjeldande kommunedelplan for Husnesområdet.

Moglege merknader til planarbeidet må sendast Tufteland innan 30 dagar.

Kommunedelplanen opnar eigentleg for fem hytter i dette området, men grunneigar Ole Kristoffer Vågen ønskjer ikkje felles planleggjing med Kåre Hauge. Vågen vil få byggja to hytter på sin egedom.

Han ønskjer å satsa på utleigehytter men kommunen har gjort han merksam på at det ikkje er i tråd med føremålet i kommunedelplanen.